

Oppsummering kaffimøte med næringslivet 21.11.17:

Ordføreren orienterte om følgende;

1. Kommuneplanens samfunnsdel skal til fyrste gongs behandling i formannskapet i marsmøtet 2018, deretter høyring og sluttbehandling i juni-18.
2. Kommunedelplan (arealplan) for Gol tettstad: Det er levert omlag 20 innspel. Desse er no til konsekvensvurdering før fyrste utkast til nytt plankart blir utarbeida. Sentrumsavgrensninga for Gol sentrum blir foreslått utvida til også å omfatte Hallingmo. Sentrale dokument i planarbeidet ligg på kommunens nettsider under «kommuneplan».
3. Reguleringsplan og utbyggingsavtale for Storefjellstølen- sluttbehandling i kommunestyret i kveld.
4. Reguleringsendring Storøyne (Biltema) er på høyring og anleggsarbeidet for vegvesenets sambruksstasjon inkl. døgnkvileplass er starta.
5. Sak om sal av kommunale utleigebustader- formannskapet har innstilt på å overføre 38 bustader til Gol kommunale eigedomar GKE AS. Dette kan gje kommunen ei kapitalinntekt på omlag 40 mill, saka er oppe til behandling i møtet i kveld.
6. Orientering om vidare prosess for eit nytt Hallingdal Innovasjonsselskap
7. Orientering om deltaking men og innhaldet i ideen næringskonsulentane og underteikna er med på i Hallingdal Innovasjonsløft
8. Generell informasjon om Hallingdal Innovasjonsløft
9. Gol Stasjon; status er at verken Bane Nor eller Jernbanedirektoratet ser moglegheiter for å fortsetja arbeidet, dei har ikkje pengar. Administrasjonen i Gol fylgjer saka vidare og prøver å få til et samarbeid med fylkeskommunen.
10. Informasjon fra Visit Gol.
11. På oppfordring vart det også orientert om synfaringsplanar når Krokeide VGS kjem til Hallingdal.

Innspel under møtet:

Skilting Golsfjellet, løypeinformasjon Golsfjellet.